

– USA har ingenting lært

– Dei nykonservative i USA har framleis ingenting lært, seier Francis Fukuyama, i eit nytt oppgjer med krigshissarane han heldt på å kome i klørne på.

Roald Helgheim

roald@dagogtid.no

Forfattern av *The End of History and the Last Man* kom på slutten av nittitalet i skade for å skrive under på det nykonservative oppropet *Project for a New America*, der alle haukane i lobbyen rundt George W. Bush var med. I røynda var det eit tidleg opprop for å gå til krig mot Irak.

– Eg skifta syn året før invasjonen, sa Fukuyama til The Guardian i eit intervju sist veke. Nokre dagar før skreiv han ein kommentar med eit flengjande oppgjer med ein lobby som enno ikkje har lært noko av Irak-krigen, og som er truande til å bruke den same medisinen mot Iran. Det var i boka *America at The Crossroads* Fukuyama i fjor slo fast at maktbruken for å innføre demokrati i andre land har spela fallitt. Undertittelen var «Democracy, Power and the Neoconservative Legacy». William Kristol, mannen bak det nykonservative oppropet, rykte ut og skulda Fukuyama for å stikke av med halen mellom beina og «sende store delar av verda til helvete». Då Fukuyama for to år sidan var på ein middag saman med «nykonservative tenkjarar» på Hilton i Washington, vart han sjokkert over måten dei omtala krigen i Irak som ein siger på. Der var også den kjende hauken Charles Krauthammer. – Eg sa hallo til han, men han berre stirde på meg, fortel han.

Feilen

Fukuyama peika i boka på at det var den ofte undervurderte Reagan som saman med Gorbatsjov gjorde slutt på den kalde krigen, og avvikla han på fredeleg vis. Men det skapte også den mistydinga at det var berre å gå vidare mot regime ein trudde ville falle saman som korthus.

– USA brukar i dag like mange pengar på militærapparatet sitt som resten av verda til saman. Det er på tide å sjå nærare på kvifor USA etter nær fire års

innsats, fleire tusen amerikanske menneskeliv og 500 milliardar dollar til krigen ikkje har vore i stand til å pasifisere eit lite land med 24 millionar innbyggjarar, eller å innføre noko som kan kallast eit demokrati, skriv Fukuyama i The Guardian. Den endringa av politikken på verdsplanet som har gått føre seg, har haukane i USA ikkje fått med seg. Feilslåtte statar av typen som Afghanistan, Pakistan, Irak, Libanon, Somalia, Palestina og andre, som ikkje har kontroll over territoriet, men må avstå makt til ulike militante grupper, trur USA det er nok å bruke rå overmakt mot. Resultatet er at dei får alle mot seg, også dei som er plaga av dei militante gruppene.

Iran neste?

– Den amerikanske regjeringa har oppført seg som eit barn med merksemds- og konsentrasjonsvanskar, konstaterer Fukuyama, som meiner mangelen på lærdom kjem tydelegast fram i diskusjonen om kva ein skal gjere med Iran, ein nasjon med djupe historiske røter og pengar nok til rådvelde på grunn av oljen. Gjennom Irakinvasjonen har USA sjølv medverka til den politiske framgangen Iran har hatt i området. Men samanbrotet i Irak har ikkje hindra dei nykonservative i å gå inn for ein militær aksjon mot Iran.

– Det mest urovekkjande er at dei ikkje har tenkt nye tankar eller teke lærdom av Irak, men argumenterer på same måte som i 2002, skriv Fukuyama.

– I 2004 røysta eg på John Kerry, men eg trur ikkje nokon av presidentkandidatane i dag har noko særleg å by på når det gjeld utanrikspolitikk, seier han.